



Møre og Romsdal fylke



Kommunane i Møre og Romsdal

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		FM: 2007/2644/SIVA/442.22	Silje Vang, 71 25 84 12	01.09.2009

Fastsetting av forskrift om endra jakttid på elg og hjort i kommunar i Møre og Romsdal

Ved vårt brev av 22.05.2009 inviterte vi kommunane til å vurdere om dei såg trong til utvida eller innskrenka jakttid på elg og hjort i tråd med første bolken i § 3, 1 a i forskrift om jakt og fangsttider samt sanking av egg og dun for jaktseongene frå 1. april 2007 til og med 31. mars 2012 fastsett av Direktoratet for naturforvaltning (DN) 1. februar 2007 (jakttidforskriftene).

Vi ønskjer å endre jakttidene i område der det er trong til det i tråd med jakttidforskriftene og retningsliner gitt til desse. Vi legg samstundes vekt på at det ikkje skal bli unødige komplisert å orientere seg om jakttidene verken for jegerar eller andre brukarar av utmarka. Vi bad difor kommunar som ønskjer utvida jakttid om å høyre på utviding av jakttida fram til 30.11. eller til 23.12.

Dei kommunane som såg trong til slik endring blei bedne om å gjennomføre lokal høyring i tråd med reglane i forvaltningsloven. Vi har mottatt ønskje om utvida jakttid frå 8 av dei 36 kommunane vi har i fylket.

I 2007 og 2008 blei det fastsett forskrift om endring av jakttida i høvesvis 23 og 16 kommunar. Av desse har 8 kommunar komet med ny søknad om endring av jakttid i år. Etter årets søknader er det såleis 35 av fylkets 36 kommunar som har søkt om endring av jakttid på elg og/eller hjort.

I vårt fylke har det vore felles jakttid på elg og hjort i ei årrekke. Det er mindre trong til utviding av jakttida på elg enn på hjort, men ut frå ønskje om forenkling av regelverk vel vi likevel å halde på felles jakttid på elg og hjort også for dei kommunane som får utvida jakttid. Valet om å halde på felles jakttid på elg og hjort er gjort ut frå at vi ikkje kan sjå at ei slik samkøyring kan ha negative effektar for nokon av dei aktuelle brukarane av utmarka.

Hjortebestandane i fylket har vakse svært mykje dei siste åra, og det blir stadig fleire plassar rapportert om for store bestandar. Det fører til sterk slitasje på naturlege beiteplanter i utmarka. I fleire område er hjortebeiting eit direkte trugsmål mot det biologiske mangfaldet. Høge hjortebestandar fører og i mange område til vesentleg økonomisk skade på skog og innmark og til auka fare for trafikken.

I ein del område er det eit problem å få til nok hausting fordi vesentlege delar av hjorten først kjem inn i valdet på vinterbeite. I slike tilfelle vil ei forlenga jakt kunne gi naudsynt tid til å gjennomføre ønskja hausting.

Vi finn å kunne følgje tilrådingane om utvida jakttid frå dei kommunane som har ønskje om det. Vi endrar med dette forskrift om endra jakttid på elg og hjort slik at jakttida blir som følgjande for kommunane i vårt fylke fram til og med 31.03.2012:

Kommune	Jakttid elg og hjort
Aukra	10.09. - 23.12.
Aure	10.09. - 23.12.
Averøy	10.09. - 23.12.
Eide	10.09. - 23.12.
Fræna	10.09. - 23.12.
Giske	10.09. - 23.12.
Gjemnes	10.09. - 30.11.
Halsa	10.09. - 23.12.
Haram	10.09. - 30.11.
Hareid	10.09. - 15.11.
Herøy	10.09. - 30.11.
Kristiansund	10.09. - 30.11. *
Midsund	10.09. - 23.12.
Molde	10.09. - 23.12.
Neset	10.09. - 23.12.
Norddal	10.09. - 30.11.
Rauma	10.09. - 23.12.
Rindal	10.09. - 23.12.
Sande	10.09. - 30.11.
Sandøy	10.09. - 30.11.
Skodje	10.09. - 23.12.
Smøla	10.09. - 23.12.
Stordal	10.09. - 23.12.
Stranda	10.09. - 23.12.
Sula	10.09. - 30.11.
Sunndal	10.09. - 23.12.
Surnadal	10.09. - 23.12.
Sykkylven	10.09. - 23.12.
Tingvoll	10.09. - 23.12.
Ulstein	10.09. - 23.12.
Vanylven	10.09. - 23.12.
Vestnes	10.09. - 23.12.
Volda	10.09. - 30.11.
Ørskog	10.09. - 23.12.
Ørsta	10.09. - 30.11.
Ålesund	10.09. - 23.12.

* På øya Nordlandet er det berre høve til å jakte hjort og elg på vekedagane måndag til og med fredag frå morgonen av og fram til kl 11.00 på føremiddagen.

Dersom det skulle vise seg at det etter endring av jakttida oppstår uheldige effektar som vi ikkje hadde rekna med, vil vi vurdere å innskrenke jakttida igjen før 31.03.2012.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
Seksjonssjef

Silje Vang
Rådgivar

Vedlegg:
Forskrift

Kopi med vedlegg:			
Fylkesmannen i Oppland	Storgt. 170, Statens hus	2615	Lillehammer
Fylkesmannen i Sør-Trøndelag	Statens hus	7468	Trondheim
Nordmøre og Romsdal politidistrikt	Storgt. 43	6508	Kristiansund N
Lensmannen i Vanylven		6143	Fiskåbygd
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsav. 2	6863	Leikanger
Sunnmøre politidistrikt	Nedre standgt. 50	6005	Ålesund

Forskrift om endring av forskrift 20.08.2008, nr 948 om jakttid på elg og hjort, Aukra, Aure, Averøy, Eide, Fræna, Giske, Gjemnes, Halså, Haram, Herøy, Kristiansund, Midsund, Molde, Nesset, Norddal, Rauma, Rindal, Sande, Sandøy, Skodje, Smøla, Stordal, Stranda, Sula, Sunndal, Surnadal, Sykkylven, Tingvoll, Ulstein, Vanylven, Vestnes, Volda, Ørskog, Ørsta og Ålesund kommunar i Møre og Romsdal fylke fastsett 1. september 2009 av Møre og Romsdal fylke med heimel i § 3, 1 a i forskrift gitt av Direktoratet for naturforvaltning 1. februar 2007 om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun for jaktseongane frå 1. april 2007 til og med 31. mars 2012.

I

Formålet med forskrifta er å utvide jakttida på elg og hjort slik at ein større del av tildelte kvoter kan bli felt samt innskrenke jakttida i avgrensa bynære område for å gi rom for spesialtilpassa jakt.

II

Etter endringane 2007, 2008 og inneverande år gjeld følgjande jakttider for elg og hjort i kommunane i Møre og Romsdal fylke:

Kommune	Jakttid elg og hjort
Aukra	10.09. - 23.12.
Aure	10.09. - 23.12.
Averøy	10.09. - 23.12.
Eide	10.09. - 23.12.
Fræna	10.09. - 23.12.
Giske	10.09. - 23.12.
Gjemnes	10.09. - 30.11.
Halsa	10.09. - 23.12.
Haram	10.09. - 30.11.
Hareid	10.09. - 15.11.
Herøy	10.09. - 30.11.
Kristiansund	10.09. - 30.11. *
Midsund	10.09. - 23.12.
Molde	10.09. - 23.12.
Nesset	10.09. - 23.12.
Norddal	10.09. - 30.11.
Rauma	10.09. - 23.12.
Rindal	10.09. - 23.12.
Sande	10.09. - 30.11.
Sandøy	10.09. - 30.11.
Skodje	10.09. - 23.12.
Smøla	10.09. - 23.12.
Stordal	10.09. - 23.12.
Stranda	10.09. - 23.12.
Sula	10.09. - 30.11.
Sunndal	10.09. - 23.12.
Surnadal	10.09. - 23.12.
Sykkylven	10.09. - 23.12.
Tingvoll	10.09. - 23.12.
Ulstein	10.09. - 23.12.
Vanylven	10.09. - 23.12.
Vestnes	10.09. - 23.12.
Volda	10.09. - 30.11.
Ørskog	10.09. - 23.12.
Ørsta	10.09. - 30.11.
Ålesund	10.09. - 23.12.

* På øya Nordlandet er det berre høve til å jakte hjort og elg på vekedagane måndag til og med fredag frå morgonen av og fram til kl 11.00 på føremiddagen.

III

Denne forskrifta trer i kraft straks og gjeld fram til og med 31. mars 2012. Samstundes blir forskrift av 20.08.2008, nr 948, oppheva.

IV

Møre og Romsdal fylke kan endre forskrifta før 31. mars 2012 dersom vektige grunnar talar for det.